

# Utkast til forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet - 2014

## Kapittel I

### § 1. Gebyrfordeling

Det samla beløpet som Post- og teletilsynet kan krevje inn som gebyr går fram av det årlege statsbudsjettet.

Av det samla beløpet skal:

1. 56 % krevjast frå tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og *elektronisk kommunikasjonsteneste, sertifikatutstedar etter esignaturloven*, innehavar av løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar og verksemd som delar ut domenenamn under norske landtoppdomene, *autorisert verksemd, innehavar av løyve for aeromobilt radioutstyr, nødpeilesendar og anna radio- og terminalutstyr*, og
2. 41 % krevjast frå innehavar av frekvensløyve, og
3. 3 % krevjast frå postoperatør.

### § 2. Gebyrperiode

Gebyr vert utmåla anten som eit eingongsgebyr eller som årleg gebyr for heile kalenderår (gebyrperiode).

Det skal betalast gebyr for kalenderåret når løyve, registrering eller autorisasjon er gyldig ved starten av kalenderåret. Det skal òg betalast gebyr for heile kalenderåret i det år registrering vert gjort, eller løyve eller autorisasjon vert gitt. Dersom løyve, registrering eller autorisasjon er oppsagt innan starten av eit kalenderår, skal det ikkje betalast gebyr for det følgjande året.

## Kapittel II

### § 3. Gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

Årleg gebyr for løyve til bruk av nummerressursar i nummerplan for telefon m.m. (E.164) er:

1. for løyve til bruk av 8- og 12-sifra nummer kr 10 000, eller der dette gir høgare gebyr:
  - a. for 8-sifra nummer i 8xx-serien kr 0,15 for kvart nummer,
  - b. for nummer i seriane 2, 3, 5, 6, 7 kr 0,03 for kvart nummer,
  - c. for 8-sifra nummer i seriane 4 og 9 kr 0,10 for kvart nummer,
2. for 4-sifra nummer i serien 18xx kr 3 000 for kvart nummer,
3. for 5-sifra nummer kr 2 000 for kvart nummer,
4. for 6-sifra EØS-harmoniserte nummer kr 2 000 for kvart nummer,
5. for kvart prefiks for val av tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett som brukast til offentleg tilgjengeleg elektronisk kommunikasjonsteneste kr 3 000.

Årleg gebyr for disponering av nummerressursar i andre nasjonale obligatoriske nummerplanar er for:

1. X.121 DNIC kr 3 000
2. X.121 PNIC (DNIC + 2 eller 3 siffer) kr 3 000
3. E.118 kortutgivarkode (IIN) kr 3 000
4. E.167 ISDN-nettkode for lukka brukargrupper kr 3 000
5. E.212 mobil nettkode (MNC) kr 3 000
6. E.214 nettkode (NC) for landmobile nett kr 3 000
7. Q.704 punktkodar for nasjonal signalering (NI=3) uavhengig av kor mange punktkodar som disponerast kr 3 000
8. Q.708 punktkodar for internasjonal signalering (NI=0) uavhengig av kor mange punktkodar som disponerast kr 3 000
9. T.35 leverandørkode kr 3 000
10. Tilbydarkode for tilbydarportabilitet kr 3 000.

Eingongsgegebyr for løyve til bruk og registrering etter frivillige nummerplanar er kr 3 000 for:

1. registrering av ADMD domenenamn for X.400 elektronisk post
2. registrering av PRMD domenenamn for X.400 elektronisk post
3. løyve til bruk av EDI-identifikator for bruk i EDIFACT
4. løyve til bruk av ISO-DCC nettadresse (NSAP-adresse)
5. løyve til bruk av objektidentifikator.

#### **§ 4. Gebyr for postoperatør**

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsette årleg gebyr for postoperatør i samsvar med postloven § 20. Det skal krevjast inn eit beløp som er i samsvar med § 1 andre ledd nr. 3.

#### **§ 5. Gebyr for sertifikatutsteder**

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje årleg gebyr for sertifikatutsteder som er registreringspliktig i samsvar med esignaturloven § 18, jf. § 3 og § 24, eller som kjem inn under frivillige sertifiseringsordningar, godkjenningssordningar eller sjølvdeklarasjonsordningar, jf. esignaturloven § 16a og forskrift 21. november 2005 nr. 1296 om frivillige selvdeklarasjonsordninger for sertifikatutstedere § 14.

#### **§ 6. Gebyr for registrering av domenenamn**

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje årleg gebyr for verksemd som deler ut domenenamn under norske landkodedetoppdomene i samsvar med ekomloven § 7-1 og domeneforskriften.

#### **§ 7. Gebyr for løyve for aeromobilt radioutstyr**

Eingongsgebyr for registrering av installert radioutstyr i luftfartøy er for:

1. fullt utstyrt luftfartøy over 9 000 kg kr 5 900
2. fullt utstyrt luftfartøy under 9 000 kg kr 2 900
3. luftfartøy som ikkje er fullt utstyrt kr 1 000.

Årleg gebyr er kr 450 for:

1. løyve for aeromobilt radiokommunikasjonsutstyr om bord i luftfartøy
2. løyve for radionavigasjonsutstyr om bord i luftfartøy
3. løyve for pulsutstyr om bord i luftfartøy
4. løyve for nødpeilesendar (ELT) om bord i luftfartøy.

Årleg gebyr for løyve for teleterminal om bord i luftfartøy er kr 1 100.

Årleg gebyr for løyve for radioutstyr som kan overføre data *eller* tale på landmobile, maritime *eller* private kanalar om bord i luftfartøy er kr 750.

#### **§ 8. Gebyr for løyve for personleg nødpeilesendar**

Årleg gebyr for løyve for personleg nødpeilesendar er kr 330.

#### **§ 9. Gebyr for autorisert verksemd**

Årleg gebyr for autorisert verksemd etter autorisasjonsforskriften er kr 2 400.

#### **§ 10. Andre gebyr**

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje gebyr for utstyrløyve etter ekomloven § 8-1 andre ledd og for løyve for radioutstyr som ikkje er omfatta av reglane i § 7 og 8.

#### **§ 11. Gebyr for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonssteneste**

Årleg gebyr for tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonssteneste, er beløpet etter § 1 andre ledd nummer 1 fråtrekt gebyr etter §§ 3, og 5 til 10 fordelt mellom tilbydarane på eit overordna nivå.

*Beløpet etter første ledd skal fordelast forholdsmessig mellom tilbydarar med relevant omsetning. Kvar tilbydar skal betale ein del av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin del av den samla relevante omsetninga. Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste knytte til eksternt sal i konsern eller selskap og geografisk avgrensa til Noreg. I relevant omsetning medreknes bare tilbydars omsetning som overstig 50 millionar kroner i siste rekneskapsåret før gebyrperioden.*

Post- og teletilsynet kan fordele gebyret etter andre kriterium enn omsetning, for å oppnå ei betre forholdsmessig fordeling av gebyret. Slike kriterium kan mellom anna vere brøkdeler av talet på abonnentar eller brøkdeler av trafikkvolum på sluttbrukarnivået. Der anna kriterium vert nytta, skal det gjelde for heile marknader eller delar av enkeltmarknader, jf. andre leddet. Fordelinga av gebyret etter slike kriterium skal skje etter tilsvarende retningslinjer som ved fordeling etter omsetning i andre leddet så langt dei passar. Det same gjeld vurderinga av den samla aktiviteten eller andre grunnlag for kriteriet, blant anna det samla talet på abonnentar og det samla trafikkvolumet i konsern. Omsetningsgrensa i andre leddet første punktum gjeld tilsvarende.

### **Kapittel III**

## **§ 12. Gebyr for radioamatørløve**

Radioamatører skal betale kr 2 000 i eingongsgebyr ved tildeling av løyvet.

Innehavar skal betale kr 1 000 i eingongsgebyr ved endringar i kallesignal, tildeling av eigne kallesignal til mellombels arrangement og tildeling av eigne kallesignal til grupper, klubber og foreiningar.

Kallesignal tildelt for bruk til ubemanna stasjonar som til dømes reléstasjon og radiofyr er gebyrfritt.

## **§ 13. Gebyr for sendarløve for Profesjonell Mobil Radio og lågeffektsystem**

Årleg gebyr for sendarløve for Profesjonell Mobil Radio er for:

1. kvar basestasjon kr 450
2. kvar mobile stasjon kr 150.

Eingongsgebyr for kvar ekstra ein-frekvenskanal til gjeldande løve er kr 200.

Årleg gebyr for sendarløve for lågeffektsystem er kr 450.

## **§ 14. Gebyr for sendarløve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester**

Dei som har sendarløve for riksdekkjande kringkastingsnett skal betale eit årleg gebyr på kr 500 000 for kvart nett, samt eit årleg gebyr for kvar sendar etter tredje ledd.

Dei som har sendarløve for andre kringkastingsnett skal betale eit årleg gebyr på kr 2 000 for kvart nett, samt eit årleg gebyr for kvar sendar etter tredje ledd.

For kvar sendar skal det betalast eit årleg gebyr som går fram av tabellen under.

| <b>Frekvensband</b>            | <b>Type nett</b>                | <b>Sendareffekt &lt;50 W skal betale kr</b> | <b>Sendareffekt 50-1000W skal betale kr</b> | <b>Sendareffekt &gt;1000W skal betale kr</b> |
|--------------------------------|---------------------------------|---------------------------------------------|---------------------------------------------|----------------------------------------------|
| Sendar i frekvensband < 30 MHz | riksdekkjande kringkastingsnett | 5 000                                       | 8 250                                       | 16 500                                       |
| Sendar i frekvensband < 30 MHz | andre kringkastingsnett         | 10 000                                      | 16 500                                      | 33 000                                       |
| Sendar i frekvensband ≥ 30 MHz | riksdekkjande kringkastingsnett | 100                                         | 170                                         | 335                                          |
| Sendar i frekvensband ≥ 30 MHz | andre kringkastingsnett         | 200                                         | 340                                         | 670                                          |

## **§ 15. Gebyr for andre sendarløve**

Post- og teletilsynet fastset årleg gebyr for sendarløve som ikkje fell inn under §§ 13 og 14.

Innehavar av jordstasjon for satellitt skal betale eitt gebyr for kvart frekvensband dei sender i. For jordstasjon på Svalbard skal det i tillegg betalast eitt gebyr for kvart frekvensband ein tek i mot signal i. Gebyret utgjer kr 4 100 per frekvensband per jordstasjon.

For stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt og punkt til multipunkt, skal det betalast gebyr avhengig av utstrålt effekt (e.r.p.) på denne måten:

1. Stasjonar med effekt under eller lik 0,5 W, kr 150 for kvar sendar
2. Stasjonar med effekt høgare enn 0,5 W, kr 450 for kvar sendar.

For andre sendarar skal det betalast gebyr i samsvar med tabellen under.

| Frekvensband                                 | Bandbreidde                   | Pris per sendar kr |
|----------------------------------------------|-------------------------------|--------------------|
| Frekvensband lågare enn 1 GHz                | Til og med 25 kHz             | 450                |
| Frekvensband lågare enn 1 GHz                | Frå 25 kHz til og med 150 kHz | 600                |
| Frekvensband lågare enn 1 GHz                | Over 150 kHz                  | 1 800              |
| Frekvensband frå og med 1 GHz til 5,15 GHz   | Til og med 2 MHz              | 600                |
| Frekvensband frå og med 1 GHz til 5,15 GHz   | Over 2 MHz                    | 1 000              |
| Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz | Til og med 25 MHz             | 600                |
| Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz | Frå 25 MHz til 55 MHz         | 1 000              |
| Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz | Frå og med 55 MHz             | 1 800              |
| Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz   | Til og med 25 MHz             | 450                |
| Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz   | Frå 25 MHz til 55 MHz         | 600                |
| Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz   | Frå og med 55 MHz             | 1 000              |
| Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz        | Til og med 25 MHz             | 200                |
| Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz        | Frå 25 MHz til 55 MHz         | 300                |
| Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz        | Frå og med 55 MHz             | 600                |
| Frekvensband frå og med 57 GHz               |                               | 100                |

*For sendarar som bruker MIMO-teknologi skal det ikkje betalast gebyr dersom dei allereie betalar gebyr for same stasjonar med same frekvens, polarisasjon og bandbreidde.*

## § 16. Gebyr for spektrumsløyve

*Innehavar av spektrumsløyve skal betale årleg gebyr. Samla gebyr for spektrumsløyve er beløpet etter § 1 andre ledd nummer 2, fråtrekt gebyr etter §§ 12 til 15 og 17.*

20 % av beløpet etter første ledd skal fordelast mellom dei med spektrumsløyve med ein lik del for kvar samanhengande frekvensblokk dei disponerer. I tillegg betalast gebyr etter tredje ledd.

Beløpet etter første ledd, fråtrekt summen av andre ledd første punktum, skal fordelast mellom dei med spektrumsløyve i høve til bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar. Bandbreidda vert tilordna ei vekt lik  $1/f$ , der  $f$  er senterfrekvensen i det frekvensbandet

frekvensblokka ligg i. Bandbreidda vert òg tilordna ei vekt som i tabellen under. Frekvensband som ikkje er nemnt i tabellen, vert tilordna ei vekt lik 1. For regionale løyve vert denne vekta multiplisert med brøkdelen av befolkninga i Noreg som er busett i dekningsområdet for løyvet. *For Svalbard vert vekta multiplisert med 1/100. For området offshore vert vekta multiplisert med 1/5.* Gebyret som vert rekna ut på grunnlag av disponert bandbreidde, er lik den vekta bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar, delt på den samla vekta bandbreidda multiplisert med beløpet etter tredje ledd første punktum.

| Frekvensband                | Vekt  |
|-----------------------------|-------|
| 0 – 30 MHz                  | 0,025 |
| 47 – 68 MHz                 | 0,1   |
| 137 – 174 MHz               | 4,0   |
| 174 – 240 MHz               | 7,0   |
| 380 – 400 MHz               | 3,0   |
| 400 – 470 MHz               | 6,0   |
| 470 – 790 MHz               | 3,0   |
| 791 – 821/832 – 862 MHz     | 8,0   |
| 870 – 880/915 – 925 MHz     | 4,0   |
| 880 – 915/925 – 960 MHz     | 9,0   |
| 1710 – 1785/1805 – 1880 MHz | 17,0  |
| 1900 – 1980/2110 – 2170 MHz | 20,0  |

#### § 17. Andre frekvensgebyr

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje gebyr for internasjonal koordinering for satellittverksemd, gebyr for Forsvaret sine frekvensløyve, gebyr for frekvensløyve for maritim radioverksemd og gebyr for frekvensløyve knytt til luftfartsverksemd.

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje gebyr for frekvensløyve som ikkje er omfatta av reglane i første ledd eller reglane i §§ 12 til 16.

### Kapittel IV

#### § 18. Unntak

Post- og teletilsynet kan i særlege høve gjere unntak frå kapitel I, II, og III.

*Blant anna* reknas stor variasjon i gebyret frå eit år til neste skal reknas som særleg høve når variasjonen ikkje er tilsikta.

#### § 19. Sanksjonar

Dersom gebyr ikkje vert betalt kan Post- og *teletilsynet trekkje* tilbake løyve, nekte bruk og nekte å utferde nye løyve.

Bruk av sanksjonar endrar ikkje plikta til å betale fastsette gebyr.

**§ 20. Iverksetjing mv.**

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. *januar 2015*.

Frå same tid som forskrifta tek til å gjelde vert forskrift 21. *februar 2005 nr. 168* om gebyr til Post- og teletilsynet oppheva.